



Referat møte i Team Hardanger(TH)

Onsdag 03.02.2021 kl 0900-1100 Digitalt: Google MEET

Møtte: Jan Tjosås, Lisbeth Bygstad Celik, Sigmund Vereide, Anna Gursli Langesæter, Inge Håvard Aarskog, Mona Hellesnes, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

1. Status Covid 19.

I Kvam er også nokon i karantene. Munnbind er innført som krav, og alle er oppfordra til minst mulig kontakt med andre. I Ullensvang er det roleg akkurat no, men er førebudd. Eidfjord har avhjulpet Ulvik med testing og dei merkar at det er viktig å roa ned innbyggjarar, for det breier seg uro no med smitteutbrotet i Ulvik, alt kom så mykje nærare.

I Ulvik klarar dei seg bra, og er svært takksame for viktig hjelp frå Eidfjord. Stor utfordring med ein liten stab som både er berørt av karantene, står midt i vaksinasjon og skulle testa veldig mange. Forventar at det går nokre veker før Ulvik er open att.

2. Orientering frå dagleg leiar i Hardangerrådet

Situasjonen hos Hardangerrådet er at alle arrangement i vår regi er foreløpig utsett til hausten, og alle prosjekt og dei fleste møtene er digitale. Andre arrangørar som Hardanger Musikkfest og Internasjonal Siderfestival planlegg for gjennomføring, og avlyser ikkje før dei evt. må.

Økonomien i Hardangerrådet etter ny selskapsavtale er nedskalert betydeleg med 27%/700 000 kr. Me ser også at i økonomiplanen til Kvam herad ser dei føre seg ytterlegare nedtak frå 2023 på 300 000, med det resultat at ein ytterlegare må redusera kontingen med 45%/800 000 kr.

Då vert kontingen ca kr 1 030 000. Det er ikkje nok til å driva administrasjon med tilsette som idag.

3. Næringsfond i kommunane.

- Kvam brukte store næringsfondmidlar i 2020, men uansett er det vanskeleg å gjera "alle tillags". Pengeutdeling skapar uro, kva er erfaring i andre kommunar?

-Svar: Det å få til eit optimalt regelverk er umulig, og graden av effekt er ikkje alltid så stor. Kva nytte har det då? I tillegg er det folkevalgte med ulike preferansar som bestemmer kva prosjekt midlane skal gå til. Dvs tilfeldigheter styrer til slutt.

-Det ein kan skjerpa inn på er kvalitet på søknader, og legga opp til ekstra bistand der. Ein bør også ha tett dialog med IN/landbruksmidlar, for dei avkortar bidrag om kommunen har gjeve midlar.

-Bør ein ha strengare reglar forbidrag frå kommunale fond?

-Strategisk næringsplan er bra, men det handlar også om velvilje frå plan for å få prosjekt igang. Det er ofte ein brems. Kva kan gjerast?

-Anbefalar raud trå mellom kommuneplan og strategisk næringsplan. Er ikkje den der, vil planen ikkje virke. I Ullensvang har dei funne ei god løysing og gjer det slik: Næringsrelaterte strategiar frå Kommunedelplan vert kopiert rett inn i strategisk næringsplan som mål for dei ulike strategiane.

For å handsama tiltak som kjem nedanfrå og opp, har dei eit punkt som heiter andre strategiar.

Når strategiane så skal revurderast, har ein allereie mata inn nye saker. Slik får ein dynamikk.

-Enkeltsaker (som no spørsmål om "Batterifabrikk") vil gjerne politikarar behandla ad hoc og på tvers av eksisterande planar, det er utfordrande. Det er også utfordrande å få planar til å fungera på tvers av heile kommuneorganisasjonen.

-Grunngjeving og oppdatert informasjon/forretningsplan er avgjerande og minstekrav for søknader. Burde etablerarkurs vera obligatorisk for alle som søker om offentlegemidlar.

-Ynskjer å gå gjennom dette temaet ved ein seinare anledning.

4. Status “Case Hardanger” .

Søknaden fekk avslag frå Norsk forskningsråd (for mange og gode søknader) Men VLFK har løvt 400 000 av restmidlar til forprosjekt med tittel Besøksforvaltning, og ynskjer Hardanger som pilot og med i ei arbeidsgruppe. Det vil verta ansett ein prosjektleiar. Målet er snarleg oppstart av forprosjekt, som ein ser føre seg å dela i to (som for søknaden). Dvs ein del mot reiselivsleiring og ein mot plan og tilrettelegging.

5. Møteplan 2021

Vedteken: MØTEPLAN 2021 for Team Hardanger

FEBRUAR:	Tysdag 16.02.2021
MARS:	Tysdag 16.03.2021
JUNI:	Tysdag 01.06.2021
SEPTEMBER:	Tysdag 07.09.2021
NOVEMBER:	Tysdag 16.11.2021

6. Innmeldte saker

- **Kurs i Regionalforvaltning.no**

Så snart som mogleg. Næringshagen i Ullensvang avtalar og sender ut innkalling til alle.

- **Høyringsmøte: Planprogram - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling**

VLFK skal arrangera digitalt høyringsmøte 03.03.2021 - for Hardanger, Voss, Vaksdal og Kvinnherad. Møtet skal vera i Odda men er digitalt. Ber alle dela invitasjonen til dei som bør få den. NB! **Dette bør vera hovedtema på TH møtet 16. februar.** Kvar kommune vil laga si tilråding, men det vil styrke oss om me kan samordna uttale der me kan.

- **Fellesprosjektet for Næringshagane.**

Forlenga prosjekt og støand frå SIVA, og arbeidet kan halda fram ut 2022.

Det kjem nye felles kurs snart. Her ber kommunane om at den informasjon vert sendt ut i god tid, slik at ein får tid å invitera og informera aktuelle deltakarar.

- **Etablerafond**

Det er signal om at denne ordninga ikkje vert vidareført. Det vil Team Hardanger svara på. Dei vil senda ut ein felles uttale til VLFK og understreka kor viktig den har vore og uttrykka forventing om vidareføring. Administrasjonen lagar utkast med leiar av TH klart til godkjenning den 16.02.2021.

- **Invest in Bergen**

Det er berre Eidfjord og Ulvik som er medlemmer, og derfor ikkje aktuelt å invitera dei til TH.

- **Etableraropplæring**

Etablerarsenteret med alle etablerarkurs i Bergen fungerar därleg for Hardanger. Ber om at ein ser på dette. Her er det berre Kvam herad som ikkje er medlem.

Kinsarvik 03.02.21

**Jan Tjosås/s
Leiar**

**Jostein Eitrheim
sekretær**